

Høringsuttaling Tyssebotn kraftverk

Saksnr: 202202956

Det vert søkt om å byggje kraftverk og tilhøyrande anleggsveg i Tyssebotn på Osterøy. Her er to punkt som talar mot gjennomføring av planane slik dei står:

1. Tyssebotn fjellgard.

Anleggsvegen er foreslått å gå gjennom eller like nedanfor tunet til den gamle fjellgarden Tyssebotn. Denne er registrert i kommunen sin arealplan «Omsynssoner: Utvalde kulturmiljø KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL». Lenke:

https://sru.osteroy.kommune.no/api/utvalg/10/moter/159/behandlinger/3/6?fbclid=IwY2xjawJjS_JleHRuA2FlbQlXMQABHoTflROF5OI3WI5M8Oa3PRbBcW5K1qvowIVqczpiy9MGz1iV16Wl2d5LbeD5_aem_irdFz7YawanhgNy5YgRJnQ

I følge planen er ei omsynssone definert slik:

«Ei omsynssone er eit område merka i arealplan der det skal takast bestemte omsyn ved bruk og utnytting av arealet. Omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø er soner der det skal takast spesielt omsyn til kulturmiljø og kulturminne. Omsynssoner gjer eit vern etter Plan- og bygningslova. Vernet blir sikra gjennom føresegnene til omsynssonene.»

Tyssebotn fjellgard er i dokumentet skildra slik:

«Veglaus fjellgard med 5 SEFRAK-registrerte bygningar frå før 1850. Lite spor av påverknad frå nyare tid.»

Garden er velhalden og har kulturhistorisk eigenverdi. Den er ein viktig og synleg del av lokalhistoria, og bidreg til interesse for og forståing av korleis lokalsamfunnet var tidlegare og har utvikla seg. Den er dermed ein viktig del av formidling og vidareføring av lokalhistorien. Ein anleggsveg her vil forringe dette, då ein får det moderne samfunnet bokstaveleg tala inn på tunet. «Veglaus» er eit sentralt stikkord i skildringa frå kommuneplanen. Ein anleggsveg vil redusere fjellgarden til ein «vanleg» gard og den vil miste mykje av sin eigenverdi.



Våningshusa



Fjellgarden med tilhøyrande natur/kulturlandskap. Vegen er planlagt på nedre side av garden.

2. Friluftsliv

Planane vil ha innverknad på eit viktig friluftsområde.

Stien: Dette er eit mykje brukt turområde, både for lokale og tilreisande. Stien rundt vatnet går i lett og ope terreng og er dermed tilgjengeleg for mange. Den er blant anna markert i DNT sine turkart. Den planlagde vegen vil byggjast på denne stien, og turområdet vil miste mykje av sin verdi. Det står i høyringsbrevet at det vil bli anlagt ny sti ovanfor anleggsvegen. Her er det to punkt å merke: om stien går for langt frå den planlagde vegen kjem den inn i rasfarleg område. Om stien går nær den planlagde vegen er det realistisk sett få som vil bruke stien når det går ein enklare veg nokre meter unna. I begge alternativa vil kjensla av å bevege seg i urørt natur kraftig forringast. Frå eit folkehelseperspektiv er det òg betre å bevege seg i ulendt terreng.



Stien der anleggsvegen skal byggjast



Anleggsvegen vil gå langs heile nordsida (høgre) av vatnet. På biletet viser eksisterande sti.

Fossen: Det er rett at vatnet allereie er regulert og at fossen dermed til tider er tørrlagt. Det er likevel ikkje slik at det berre er vatn der når det er overvatn i Øvrebotn, då vatnet vert regulert ved å sleppe vatn ut tunnel i fossen sitt naturlege elveleie. Fossen er ein viktig del av friluftsopplevingane her, då dei fleste naturlege fossane i området allereie er lagt i røyr eller på anna vis regulert.



Fossen ved overvatn.



Fossen utan overvatn, med vanleg vassutslepp frå tunnel.



Friluftslivet er viktig for dei lokale, og er ein stor del av det som gjer det attraktivt for folk å bu i området. Kulturhistorie og inntrykk frå tidlegare tider gjev friluftslivet ein ekstra dimensjon. Opplevingar kring friluftsliv og lokalhistorie er òg ein del av næringsutviklinga i bygda, der både frivillege lag og organisasjonar, grendarådet og lokalt næringsliv jobbar aktivt for å fremje aktivitet og turisme. I dette arbeidet er kvalitetane i natur og kulturhistorie i Tyssebotn og omliggjande naturområde viktige. Dette har òg potensiale til å fremje seterdrifta i området. Alt dette kan bidra til verdiskaping i lokalmiljøet, og står slik i motsetning til det som vert sagt i høyringsbrevet: «Kraftverket vil bidra til opprettholdelse av lokal bosetting.» Dette er ikkje grunnngjeve noko stad, og verkar intuitivt lite sannsynleg.

Mvh,

Tysse Grendaråd

Organisasjonsnr: 991392491